



TI MINUTT MED ...
**LI EDELKOORT
OG HELLA
JONGERIUS**

TRENDMETEOROLOG OG
STJERNEDESIGNAR

– Ja, det kan godt vere at finanskrisa kjem til å framskande prosessen, svarar Edelkoort, om teorien hennar om at «bøndene er den nye adelen» (sjå www.elleinterior.no for eit tidlegare intervju kring emnet). Ifølgje henne lever vi i ei verd der det blir meir og meir fokus på dei nære og kjære tinga, noko som kom til syne under utstillinga *A World of Folk* i Sandnes, og gjennom seminaret der denne dagen i september; *Folk Futures*. Folklore er eit viktig omgrep i begge.

– Vi er nomadar, supplerer Jongerius, – det er ikkje lenger mogleg å sjå at «dette kjem herifrå og det kjem derifrå», derfor er det interessant å ta tak i kvart land sin opphavlege folklore.

Sjølvs har ho, gjennom eit nytt prosjekt i lag med Ikea og UNICEF, designa tre veggdekorasjonar i tekstil, med røter i svenske åkle og motiv baserte på folkeeventyr. Saman med UNICEF har ho starta ein workshop for kvinner i India. Dei skal lage veggdekorasjonane, mens ungane deira leikar i den nye barnehagen vegg i vegg.

Edelkoort grip tråden og fortel at det dessutan vil bli meir og meir vanleg med «cottage industry» i vestlege land og , der produksjonen vil skje på heimebasis, ikkje i fabrikkar – og likevel nå fram i verda.

– Sjå berre på den norske moteduoen Arne & Carlos som sit på ein nedlagt togstasjon i Valdres og designar for eit stort merke som Comme des Garçons, seier ho. Dessutan: – Nordmenn er mistenkeleg fråverande frå verdsarenaen samanlikna med nabolanda dykkar. Det må de gjere noko med! **CMJ**

PS: Hella Jongerius sitt nye produkt for Ikea får vi dessverre ikkje vist deg før det har verdslansering i februar. Men i Sandnes fekk vi ein smugkik, og det ser så absolutt lovande ut!